



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Utviklingsutvalet	18/31	11.10.2018

Høyring på forvaltningsmål og forskrift om jakt og fangst av bever i Tokke kommune

Saksdokument:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-04-26-519>

Saksutgreiing:

15.05.2017 kom ny nasjonal forskrift om forvaltning av bever. Den nye forskrifta skal gjere forvaltninga enklare ved at ein likestiller bever med småvilt.

Tokke kommune har tidlegare ikkje hatt ein forvaltningsplan for bever, og ser dette som ein mogelegheit til å få dette. Den nye nasjonale forskrifta set krav om at kommunane skal vedtake mål for forvaltning- og lokal forskrift om opning av jakt og fangst av bever.

Vurdering:

Tokke kommune kan samanlikne seg med mange av nabokommunane i forhold til korleis vassdraget er bygd opp. Ein har hovudvassdraget Bandak med tilhøyrande større og mindre bekkar og elvar. Sidan Tokke ikkje har noko registreringar over beverbestanden i kommunen, er det naturleg å sjå til nabokommunane for å ha eit samanlikningsgrunnlag.

På www.miljokommune.no er det gjeve rettleiing på korleis ein kan estimere bestanden av bever. Undersøkingar gjort av forvaltningsinstitusjonar tilseier at ein har 1 beverkoloni pr 4 km² areal.

Området vest for Byrtevatn og nordvest for Skafsåheia som ligg over tregrensa, ser ein på som område der beveren ikkje held seg. Same gjeld dei bratte liane langs Bandak, Modalen og Tokkeåi.

Tokke kommune har eit totalareal på 980 km². Tek ein vekk områda som heilt klart ikkje er beverbiotopar sit ein att med eit areal på ca 450 km². Dette tilseier at ein har om lag 110 beverkoloniar. Ein beverkoloni er berekna til å ha 4 individ. Ein har då 440 beverar i Tokke kommune. Basera på lokalkunnskap frå enkeltpersonar synes talet å vere noko høgt. Ein estimerar difor stamma til å vere ca 300 dyr. Om ein samanliknar tal frå andre kommunar i Telemark er nok dette eit realistisk tal. Ein ser ikkje at behov for noko nærare kartlegging av beverbestanden slik situasjonen er i dag.

Vi meiner det ligg føre ei levedyktig beverstamme i kommunen. Eit uttak på 10 til 15 % av bestanden vurderast som berekraftig. Med ei stamme på 300 individ kan ein då ta ut 30 dyr i året. Dokumentasjonen på felt bever i kommunen fram til i dag er mangelfull, men ein antek at årleg uttak ikkje har vore over 30 dyr.

Forslag til kommunale mål for forvaltning av bever i Tokke kommune

1. Hovudmål:

Tokke kommune skal ha ein levedyktig bestand av bever som er gang for naturens mangfald, naturopplevingar og jakt og fangst. Ulemper for landbruksnæring og andre samfunnsinteresser skal haldast på eit minimum

2. Bestandsutvikling:

Kommunen ynskjer å halde bestanden på dagens nivå. Bestandsregulering skal skje gjennom jakt og fangst i ordinær jakttid.

3. Skader:

Talet på bever som vert felt som skadedyr skal haldast på eit minimum. Uttak av skadegjerande bever skal som hovudregel skje i ordinær jakttid. Uttak av skadedyr i yngletida skal så langt det er mogeleg ikkje skje

Forslag til forskrift om tilgang til jakt og fangst av bever i Tokke kommune

Fastsett av UTU xx.xx.2018 med heimel i lov av 29 mai 1981 nr 38. om jakt og fangst av vilt (viltloven) § 9 og forskrift 15. mai 2017 om forvaltning av bever § 3.

1. Føremål:

Føremålet med forskrifta er å legge til rette for ei lokal og berekraftig forvaltning av bever. Det skal leggast til rette for nærings- og rekreasjonsmessig nyttiggjering av viltressursen, samstundes som ein skal førebygge unødige skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.

2. Opning for jakt og fangst av bever:

Det opnast for kvotefri jakt på bever i heile Tokke kommune

3. Jakttid:

Jakttida følgjer den til ei kvar tid gjeldande jakttid som er fastsett i forskrift om jakt og fangsttider vedteke med heimel i lov 29. mai 1981 nr 38 om jakt og fangst av vilt § 9.

4. Ikrafttreden:

Forskrifta trer i kraft straks.

Rådmannen si tilråding:

Forslag på forvaltningsmål og forskrift om jakt og fangst av bever sendast på høyring.

Saksprotokoll i Utviklingsutvalet - 11.10.2018

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Forslag på forvaltningsmål og forskrift om jakt og fangst av bever sendast på høyring.